



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Kultur- og sørvistorget		
Arkivnr.:	19/1666	Dokumentnr.:	19/12000

### Endringar i deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunesamanslåingar frå 1.januar 2020 vil medføra endringar i deltakarkommunane i Bergen og Omland Friluftsråd.

Kommunane Radøy, Lindås og Meland går saman til Alver kommune frå årsskiftet. Samtidig blir kommunane Fjell, Sund og Øygarden til Nye Øygarden kommune, og Fusa og Os går saman til Bjørnafjorden kommune.

Styret i Bergen og Omland Friluftsråd ønskjer at dei nye kommunane blir deltakarkommunar i Friluftsrådet og at dei overtar rettar og plikter for dei samanslegne kommunane – som alle er medlemskommunar i BOF i dag.

Styret i BOF ber den enkelte medlemskommune handsama denne saka før årsskiftet. Deretter vil årsmøtet kunne gjera eit endeleg vedtak, slik at dei nye samanslegne kommunane kan bli deltakarar i det interkommunale samarbeidet frå 2020.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gir si tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Meland, Radøy, Lindås, Os og Fusa trer ut av Bergen og Omland friluftsråd med grunngjeving i kommunesamanslåing.

Radøy kommune gir si tilslutning til at dei nye kommunane Nye Øygarden, Alver og Bjørnafjorden blir nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd og overtar rettar og plikter frå sine respektive samanslegne kommunar.